

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Bergen HF

DATO: 16.01.2018
SAKSHANDSAMAR: Tone Nordtveit Dale/Clara Gjesdal
SAKA GJELD: **Felles risikostyringsmål 2018**

STYRESAK: 09/18 0
STYREMØTE: 25.01.2018

.....

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret i Helse Bergen tar sak om felles risikostyringsmål 2018 til orientering.

Bakgrunn

Styret i Helse Vest vedtok i styresak 14. desember 2017 fire felles styringsmål med delmål for risikostyring i Helse Vest for 2018 (styresak 125/17 - sjå vedlegg).

Kommentarar

Dei fire felles styringsmåla er dei same som i 2017 og omhandlar pasienttryggleik, reduksjon i ventetider, HMS-arbeid og høgare vekst i psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling enn i somatikk («den gylne regel».

Det er nokre endringar for 2018 i to av styringsmåla:

- ✓ Styringsmål 2: I styringsmålet om reduksjon i ventetider for diagnostikk og behandling er det nytt krav om at ventetider i somatikk skal reduserast til 50 dagar innan fire år(2021).
- ✓ Styringsmål 4: I styringsmålet om «den gylne regel» er det definert ytterligare to delmål i tillegg til delmåla frå 2017:
 - Det er kortare ventetider i psykisk helsevern og rus enn i somatikk
 - Det er høgare vekst aktivitet (polikliniske konsultasjonar) i psykisk helsevern og rus enn i somatikk

Helse Bergen har kome med ønske til Helse Vest om behov for revisjon av både metodikken som ligg til grunn for arbeidet og koordinering med anna rapporteringsaktivitet, for eksempel halvårleg og årleg melding. På grunn av dette arbeidet er det ikkje nødvendig at Helse Bergen HF definerer verksemdspesifikke styringsmål i tillegg til dei som er felles for regionen.

Konklusjon

Helse Bergen HF gjennomfører risikovurdering av dei utvalde styringsmåla etter retningslinja frå Helse Vest i 2018.